



Laila Nesse Rosseland

Multiconsult - e-post

Dykkar ref. Sakshandsamar:  
Frøydis Ones

Vår ref. Telefon  
2010/289 - 0 - 56 37 56 33  
26713/2010

Arkivkode: Dato:  
L12 18.11.2010

## Områdeplan Knarvik sentrum - møtene med grunneigargruppa 8. september og 4. november

### 8. september

Til stades, representantar frå:

Reikerås industrier / Kvassnesvegen 4 as, Nordhordland transportkontor, Walde utvikling, Nordhordland indremisjon/Knarvik-Isdal indremisjon/Norsk Luthersk Misjonssamband, Kvassnesvegen 3 og 5 as, Anders Haugland as, Fjord Instruments as, Mesta as

Laila Nesse Rosseland og Hege Løtvedt (Multiconsult as)  
Sveinung Toft, Kåre Jordal og Frøydis Ones (Lindås kommune)

Multiconsult presenterte planarbeidet med utfordringar i første del av møtet. Deretter vart det gjennomført møte med enkelte grunneigarar som hadde meldt si interesse for det på førehand slik at dei fekk presentert sine planar for eigne tomter. Følgjande nytta seg av dette tilbodet: Coop Hordaland (Kvassnesvegen 3 og 5 as), Reikerås (Kvassnesvegen 4 as/Reikerås industrier), Walde gruppen, Anders Haugland as

### 4. november

Til stades – representantar frå:

Kvassnesvegen 3 og 5 as (Gro Borkner og Roald Valestrand) Walde utvikling (Erling Molland), Reikerås industrier/Kvassnesvegen 4 as (Oddvar Reikerås, Hogne Reikerås, Egil Sagstad), Knarvik senterutvikling as (Olav Kåre Vatnøy, Oddvar Rune Villanger), Nordhordland transportkontor as (Joar Kronstad), Nordhordland indremisjon/Knarvik-Isdal indremisjon/Norsk Luthersk Misjonssamband (Kåre Romarheim), Foss eiendomsselskap as (Bjarne Foss), Anders Haugland as (Arnstein Haugland), Multiconsult (Laila Nesse Rosseland, Hege Løtvedt) og Lindås kommune (Sveinung Toft og Frøydis Ones).

Multiconsult presenterte status i planarbeidet. Deltakarane på møtet kommenterte:

- Skyss stasjon i Knarvik eller Flatøy? Alternativ plassering av skyss stasjon i Knarvik.
- Skyss stasjonen funksjon bidreg til byliv.
- Signal frå ein skilde om at dei er positive til løysingar som ikkje gjer dei dårlegare stilt ved evt. byte av areal.
- Parkeringsnorma – tydeleggjering
- "Parker og reis" plass – det er avgjerande at denne er i senterområdet. Her er barn og unge, funksjonshemma m.m. som også er del av brukargruppa. Difor vert god plassering i sentrum viktig.
- Det er viktig at det kjem kontinuerleg drift også i utbyggingsfasen til Knarvik. Dette kan løysast ved rekkefølgjekrav.
- Kommunen er for snever om ein legg til grunn eit langt perspektiv. Både ved aust og vest tilkomst til Knarvik.
- Kor er sentrum av Knarvik om 40 år?
- All planlegging har for små tidshorisontar. Vi bør ha tankar om ei utvikling eller vekst ut over reguleringsplanen si levetid.



- Rammer for arbeidet, m.a. fylkesdelplan for kjøpesenter i tillegg til eiga forskrift.
- Tidlegare var det mogleg for ein del verksemder å drive forretning på små areal. Dette er ikkje mogleg i dag. Eks. møbel.
- Ynskje om moglegheit til å føra opp høgare bygg i sentrum. Føremon m.a. for gåande, transportbehov. Dette ligg også implisitt i ei tenking om bymessig utvikling. Eks Straume i Fjell kommune.
- Spørsmål også om rammer for utvikling av eksisterande bygg, korleis vert det ivareteke i planen?
- Det er viktig at grunneigarane får kome i dialog omkring detaljplanane. Svar frå kommunen: Om det frå grunneigar si side er ynskje om fleire møte med Multiconsult og kommunen må dette betalast av grunneigarane sjølv sidan vi ikkje har lagt inn fleire møtepunkt enn dei vi har hatt i arbeidet. Tinginga må gå gjennom kommunen, Multiconsult vil fakturera arbeidet etter medgått tid til kommunen.

Med helsing

---

Sveinung Toft  
fagleiar arealplan

---

Frøydis Ones  
arealplanleggar